

Til  
NVE- Konsesjonsavdelingen.  
Postboks 5091 Majorstua.  
v/ Jacob Fjellanger.

Hemsedal 15.05.2013.

Frå  
Hemsedal Fiskeforrenning.  
v/ Olav Huso.  
v/ Tor Grøthe  
3560 Hemsedal

## **Innsill til Konsesjonssøknad med konsekvensutredninger for HEMSIL 3. Dette innspel gjøres også til Hemsilreguleringen.**

### **Historie.**

Konsesjon for Hemsilvassdraget vart gjeve gjennom Hemsilreguleringen i 1957, med vassdragsoverskjønn 23. mars 1963. Då konsesjon vart gjeve i 1957 var det vanskelig å sjå kva kvaliteter og konsekvenser ein slik utbygging ville få for fisket i Hemsil og Eikredammen. Konsekvensar frå ny energilov i 1990 har medført store endringar i måten vannkraftressursen har blitt forvalta i Hemsilvassdraget. Konsekvensar av nytt køyremønster (effektkjøring og større nedtappingar enn tidlegare.) i Eikredammen, som resultat av ny energilov i 1990, har ikkje tidlegare blitt dokumentert.

Ny Energilov i 1990 har og medført større negative konsekvensar gjennom tilgang til å utøve sportsfiske ved Eikredammen, og generell ferdsel langs denne delen av vassdraget. Eikredammen er eit svært godt besøkt turistmål i Hemsedal, og det er etablert ein golfbane, og eit større hyttefelt rett nord for Eikredammen. Hemsil er og ein av landets beste aureelvar. Det er derfor veldig synd at kraftforvaltninga no ikkje lenger tek omsyn til det visuelle miljøet ved Eikredammen, og den kvalitet på fisket som det her har vore. Ein Hemsil 3 utbygging har likevel ikkje noko med denne handteringa å gjere/- effektkjøringa av vassdraget.

Hemsedal Fiskeforrenning har eit sterkt ynskje om å kunne få tilbake den gode handtering regulanten tidlegare utøvde gjennom den fyrste praktiseringa av køyremønster for Eikredammen. Kraftutbygginga av Hemsilvassdraget med Eikredammen var i lang tid ein svært god kvalitet for fiskarar og tilreisande til Hemsedal, slik ynskjer me og at det skal vere i framtida.

### **Effektkjøring**

Effektkjøring med endringar av køyremønster har gjeve store negative verknader for fisk og fiske i Eikredammen, og dei fyrste kilometrane oppstraums Eikredammen. Dette har kome godt tilsyne utover på 2000 talet, og spesielt frå 2006. Dokumentasjon på dette er gjort kjent gjennom konsekvensutredningsprogrammet for Hemsil 3, utført av Universitetet i Oslo ved Naturhistorisk museum, rapport nr. 21 Hemsil 3. Fagtema fisk og ferskvannsbiologi. Sluttrapport. Her vises det spesielt til kapittel 5.2 Fisk-Hemsil, 5.2.1 Hemsil ovenfor Eikredammen.

Hemsedal Fiskeforrenning bad om at ein skulle kartlegge forholda rundt fisk og fiske i Eikredammen, og på elvestrekninga dei fyrste kilometrane av Hemsil oppstraums Eikredammen. Konsekvensutredningsprogrammet godtok dette. Arbeidet som er gjort gjennom konsekvensutredningsprogrammet er imidlertid ikkje godt nok. Ein har ikkje dokumenterte dei endringar ved desse strekninga, som vart godt dokumentert gjennom etterundersøking av Hemsilvassdraget, av Universitetet i Oslo LFI v/ Brabrandt i 2000/2001. Dette er svært negativt, for me har ikkje fått konkrete svar på dei ev. endringar som har skjedd på denne strekninga frå 2001 og fram til 2012.

Her må spesielt nemnast at det burde vore gjort tilsvarende undersøkingar som: Prøvefiske på Eikredammen slik det vart gjort i 2001, og gytefiskteljing den fyrste kilometeren oppstraums Eikredammen, som kunne gjeve eit godt samanlikningsgrunnlag frå dokumentasjonen ved gytefiskteljing i 2001. Dette er dokumentasjon me no ikkje har, men som burde vore tilstades som grunnlag for innspel til denne konsesjonssøknaden for Hemsil 3. Me var her ute etter å påvise konkrete negative endringar for fisk og fiske som ein konsekvens av nye køyrreregler for Eikredammen (effektkjøring). Den einaste dokumentasjon me har er at det under fagtema Fisk og ferskvannsbiologi står: "Lokalt opplyses det at fisket i Eikredammen har blitt dårligere (lavere fangster og mindre størrelse). Sjølv om dette ikkje er dokumentert med tallmateriale, er det liten grunn til å tvile på dette", seier sluttrapporten kap. 5.2.1.

**Hemsedal fiskeforrenning meiner derfor at det her må gjøres endå betre kartleggingar for å dokumentere ev. ulepper ved effektkjøring som resultat av ny energilov frå 1990, og for betre å stadfeste nosituasjon, før ein ev. Hemsil 3 utbygging.**

## Hemsil 3 og Hemsilreguleringen

### Fisketrapp ved Eikredammen.

Hemsedal Fiskeforening meiner dette er eit tiltak som bør sjåast på. Ved å konstruere ein slik løysning kan ein like mykje stimulere nedvandring, som oppvandring av fisk. Gjennom testfiske/kartlegging i 2000/2001, LFI v/ Branrandt så vart det fiska opp 6-700 fisk i første kulpen rett nedstraums Eikredammen, som eit gjennomsnitt for året. Tilsvarande undersøking vart ikkje gjort i 2012. Ein må forvente at den tids totale nedvandringen av fisk var betydeleg større enn den dokumenterte fangst i 2000/2001. Nedvandra fisk bør derfor få moglegheit til å vandre tilbake til Eikredammen og Hemsilvassdraget. Dette spesielt fordi me meiner bestanden av aure i Eikredammen er betydeleg redusert frå 2001 og fram til no i dag.

Det vart gjennom Telemetriprosjektet for Hemsil i 2012 dokumentert kor Stadbunden fisken er i Hemsil. Ein må derfor påregne at utvandra fisk frå Eikredammen har dei same genane i seg, og i stor grad etter nedvandring på nytt vil søke vandring oppover i vassdraget, for å finne tilbake til sine opprinnelige beite og gyteområder. Det har gjennom alle år blir sett masse fisk som hoppar i fossen på flaum overlop frå damkrona/- og slusevatn på Eikredammen. Dette er ein god nok dokumentasjon som syner kor fisken vil gå, om det få moglegheit til å vandre.

### Lågste rettmessig vassføring i Eikredammen. (LRV)

Fleire faktorar bør stimulere eit slikt krav. Historisk så har Eikredammen vore eit svært attraktivt fiskevatn/miljø. Eikredammen har produsert store mengder fisk gjennom årtider, og sportsfiskeaktiviteten har vært veldig stor. Dette er godt dokumentert gjennom årtider, gjennom sal av fiskekort på Eikredammen, (fiskekortkasse og kiosk nede på Eikredammen). Eikredammen har ein flott rastepllass som blir brukt til stopp for tilreisande på ferie og næring/transport. Eikredammen har vore eit svært flott rekreasjonsområde for fleire enn berre fiskarane. Naturen og det visuelle miljø har medført at fleire har stoppa for å raste eller å fiska i dette området. .

Tilgangen til ferdsel og fiske langs Strandsona i Eikredammen er betydeleg redusert. Botnsubstrata langs strandsona er tilslamma med store mengder organiske og døde organismer, frå flaumvatn. Dette fungerer som svært blaut og tildels vanskelig substrat for menneskjer å bevege seg i, og i nokre tilfeller med risiko for å bli sitjande fast i gjørma. Effektkjøringa og handteringa av køyreprosedyrar på Eikredammen har medført hyppigare og større/djupare nedtappingar enn kva som var tilfelle fram til 2000 talet. I dag blir større areal enn tidlegare turrlagde, med den konsekvens at beiteareala har blitt betydelig reduserte for fisk. Fisken må og i større grad enn tidlegare flytte mykje på seg i Eikredam magasinet. Turrlutting av arealer har også medført at enkelte insektaarter og har fått reduserte førekommstar, spesielt steinfluge.

**Om det ikkje blir utbygging av Hemsil 3 ynskjer Hemsedal fiskeforrenning likevel ein LRV i Eikredammen på ca. Høgdekote 563 meter. Men ved ei Hemsil 3. utbygging kan me imidlertid føreslå ei kote på 562 meter, under føresetnad om at regulanten føretekk ei utgraving av større grunne områder, for å stimulere til eit større vanndekt areal på Eikredammen. I forhold til fiske og rekreasjon langs vassdraget vil det uansett vere positivt at delar av dei tilslamma områda blir grave bort. Om Eikredammen skal få fortsetje å fungere som ein levande innsjø, så bør det vanndekte arealet etter maks nedtapping ikkje bli redusert med meir enn ca. 30 % av det totale neddemte arealet. Regulanten bør også stimulere til utforming av Eikredammen slik at ein på beste måte hindrar nedvandring av fisk over damkrona og gjennom sluse og turbinar.**

Kvaliteten for rekreasjon og fiske har dei siste 10 åra vorte redusert kraftig på Eikredammen. Faste Campinggester oppheld seg også i svært mange år på plassen nedunder damkrona. Denne plassen vart for ca. 10 år sida stengt pga. fare for fiskarane ved slepp av vatn. Nytt køyremønster/effektkjøring medførte meir uforutsigbare endringar i vasstrengen nedstraums damkrona, og ein må nok påregne at effektkjøringa hadde konsekvens for denne stenginga av "privat camping".

**Eikredammens tappehastighet bør heller ikkje gå for fort, fordi dette kan medføre stress for fisk, og derav redusert tilgang til mat, og kvaliteten på fisk vil gå ned. Ein må tru at ved ein hemsil 3 utbygging vil forholda for fisk ved Eikredammen forverre seg ytterlegare. Konsekvensar av tappehastighet bør derfor utredes endå betre gjennom konsekvens utredningar, og erfaringstal.**

Det bør og radiomerkes eit større utvalg av små fisk nede på Eikredammen, for å sjå på konsekvensar for ev. nedvandringar av fisk gjennom turbinar. Dette vil vere viktig dokumentasjon, med hensyn til ev. erstatningar ved utsetjing av fisk. Eikredammen har tidligere hatt store mengder rekruttar, dette er ikkje lenger tilfelle, og det bør derfor dokumenterast. Det er også viktig, for me må tru at ein del rekruttar frå gyting i Hemsil nedvandrar til Eikredammen, og heretter i større grad kan gå tapt. Dette betyr også at det er ein stor risiko for at kvaliteten og rekrutteringa til Hemsil på sikt vil bli skadelidande for ein ev. ny Hemsil 3 utbygging. Eikredammens biologiske mangfold bør også kartleggjas endå betre, for ev å sjå på endringar av utbygging, og ev utgraving av gjørme i grunne område. Dette vil være viktig bidrag for å dokumentere Eikredammens produksjonsevne .

Hemsedal Fiskeforening ber om at NVE pålegg å framskaffe den fagkompetanse som er nødvendig, for å dokumentere

dei forhold som fram til no er mangelfulle i dei fagrapportar som er lagt til grunn for konsesjonssøknaden, med konsekvensutredingar.

Hemsedal Fiskeforrenning har gjort eit godt arbeide for å ta vare på og framskaffe topp kvalitet på "vår" stadeigne fiskebestand. I Hemsil er det Naturmangfaldloven som gjelder gjennom å framskaffe stadeigne fiskebestandar. Hemsil er ein god kvalitet for bygda, og for tilreisande sportsfiskarar frå inn og utland. Hemsedal Fiskeforrenning omset i dag fiskekort for om lag 1. mill. Pr. år med ringverknader for kanskje opp mot NOK 10. mill for bygda gjennom 3-4 sommarmånader i året. Hemsedal fiskeforening håpar NVE ser verdiane av den jobben som er gjort, og gjer sitt ytterste for å stimulere til ei best mogleg framtid for vassdraget vårt.

Med helsing Hemsedal Fiskeforrenning v/ Olav Huso og Tor Grøthe.

Kopi til  
E-CO vannkraft v/ Halvor Kr. Halvorsen.  
Hemsedal Kommune.